

## Venstre er det sosialliberale partiet i Noreg

Politikken vår sameinar personleg fridom med ansvar for fellesskapet og kvarandre. Me legg særleg vekt på fire politiske hovudområde: Skule, småverksemder, sosialt ansvar og miljø.

Venstre vil ha eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn der folk har fridom og høve til å velja eigen veg til livet slik dei ynskjer det. Venstre tek ansvar for kvarandre og miljøet. Venstre tek utgangspunkt i kvart menneske.

Fridomen gjeld alle uavhengig av sosial status, nasjonalitet, bustad, hudfarge eller legning. Me ønskjer eit mangfaldig samfunn der tilhøva mellom menneske byggjer på toleranse og respekt.

Ideologisk er Venstre tufta på sosialliberalismen. Dei sosialliberale finn løysingane i balansen mellom fridom og fellesskap, mellom politisk styring og ein fri marknad, mellom individet (borgaren) og staten og mellom by og land. Venstre er eit nytenkjande parti med vilje til analyse og reformer.



venstre

## Dine kandidatar i Bø



Makta må flyttast tilbake til kommunestyret/utvala. Ein kritisk gjennomgang av delegasjonsreglementet er nødvendig. Det interkommunale samarbeidet må ha meir folkevald styring.


Vi ønsker at dei politiske prosessane skal vere opne for alle. Vi vil skape arenaer der også stemma til brukarane og dei som blir råka av vedtak, blir høyrd.

Venstre vil innføre opne høyringar før viktige avgjelder. Det vil sikre brukarmedverknad og skape engasjement for lokaldemokratiet.



venstre

[www.venstre.no/telemark/boitelemark](http://www.venstre.no/telemark/boitelemark)



Fra Venstre, Sveinung Astad, Per Espen Fjeld, Olav Kasland, Kristina Riis Idén og Ingebjørg Noråsbo.

venstre





## 1. Olav Kasland

Olav er 46 år, gift og har to barn. Han er ein bøherring som har tatt til vettet og flytta heim for snart 2 år sida, etter å ha budd 25 år andre stader. Bø har imidlertid alltid vore heime og kontakten med bygda har heile tida vore tett. Olav jobbar som NAV leder på Notodden.

Politisk er Olav opptatt av å få til dei gode løysningane, gjerne på tvers av etablerte partigrenser. Venstre sin ideologi om å forene personleg fridom med ansvar for felleskap og kvarandre har han stor tru på.



## 2. Ingebjørg Ørnulfsdotter Nordbø

Ingebjørg Nordbø, født 05.05.1955, er gift og har to barn og eit barnebarn. Ho har vokse opp på gard i Bø og er i dag busett like ved garden.

Drev frå tidleg åttitallet til 1997 eiga musikkforretning i Bø, Roxy plater. Dei siste sju åra har ho vore dagleg leigar for Roxy Kaffebar, noko ho trivast svært godt med.

Ho har vore aktiv både i fylkeslag og lokallag av Nei til EU og har i fleire periodar vore med i styret i Naturvernforbundet. Ho var også med i oppstarta av Miljøpartiet De Grønne på slutten av 80-tallet.

Ingebjørg har valgt å engasjere seg i Bø Venstre fordi ho meiner at partiet har mange gode lokalpolitiske saker og engasjerte personar. Ho legger sjølv sterkt vekt på miljøvern, ressursforbruk og internasjonalt samarbeid. Ho er i tillegg ivrig og dagleg syklist.

3. Steinung Astad
4. Kristina Riis Iden
5. Per Espen Fjeld
6. Sigurd Røiseland
7. Turid Samset
8. Kjell Stundal
9. Anita Cesilie Kirkevold Kongstein
10. Halvor R. Gåra

11. Anne Grimstad Fjeld
12. Øyvind Dag Dahle
13. Hæge Strand Sunde
14. Birger Risnes
15. Olav Lahus
16. Aase Haukaas Gjerde
17. Tormod Myrjord
18. Bergit Askildt Myrjord



### Arbeidsplassar og utvikling

For å vidareutvikle og skape gode arbeidsplassar, må Bø vere ein attraktiv plass å bu og arbeide.

#### Bø Venstre vil legge til rette for:

- Gode buområde med grøne lunger og godt utbygd sykkel- og gangvegnett, til dømes gangvegen frå Folkestad skule til Folkestadfeltet.
- Gode oppvekstvilkår med vekt på varierte tilbod til barn og unge.
- God infrastruktur. Vegnettet lokalt og regionalt må forbetraast.
- Eit aktivt og variert kulturtilbod. Vidareutvikle Gullbring som hovudarena for kultur/idrett.
- Areal for ulike typar verksemder. Industri-verksemder ønskjer vi ikkje sentrumsnært.



### Sosialt ansvar

Viktige stikkord for Bø Venstre er førebygging, ei anständig eldremørsorg og ansvar for svake grupper.

#### Bø Venstre vil:

- Bygge nye sjukeheimsplassar, samtidig som vi styrker heimesjukepleia.
- Tilsette ergoterapeut for dermed å få godkjent sjukeheimen for rehabilitering.
- Legge til rette for at menneske som slit med psykiske problem eller rus så langt som råd skal få hjelpe i kommunen.
- Drive førebyggande arbeid, spesielt for barn og ungdom. Helsestasjonen bør flyttast til nåverande legesenter og der samle den førebyggande delen av helsetenesta i Bø.
- Skaffe plass til og integrere 90 flyktningar i kommunen som tidlegare praksis.
- Styrke kommunen sitt engasjement for dei frivillige organisasjonane. Frivillige organisasjonar skal ha eit årleg møte med kommunen.



### Miljø

Miljøansvar dreier seg om å gjøre vår del av både nasjonale og globale tiltak, samt ta vare på våre lokale miljøverdiar. Miljøpolitikk er politikk for framtidige generasjoner, men tiltaka må gjerast nå.

#### Bø Venstre vil:

- At Bø kommune lagar ein tiltaksplan for å minimisere utsleppet av klimagassar, og ein plan for energisparing i kommunale bygg. Om lag 15% av Noregs klimagassutslepp kan kuttast gjennom lokale tiltak. Vi vil også arbeide for at det kjem biopumper på bensinstasjonane.
- At miljøansvaret i kommunen får ei klar administrativ og fagleg forankring. Slik er det ikkje i dag.
- Ha Evjudalen som eit grøntområde for all framtid. Med eit sentrum som stadig veks, meiner vi det er viktig å ta vare på dette området som ei grøn lunge.
- Begynne prosessen med å få RV 36 ut av sentrum. Utvikle eit estetisk og funksjonelt sentrum.
- Vere restrekativ på jordvern og område viktige for biologisk mangfald og friluftsliv. Biologisk mangfald må kartleggast betre.
- At Bø kommune skal bli ein fairtradekommune.



### Skule

Venstre vil ha ein skule som er innkluderande og gir elevane ei opplæring som er tilpassa den enkelte elev sine evner og behov.

#### Venstre vil:

- Auka lærarressursane og gi lærarane mulegheit til vidareutdanning og kompetanseheving. Kunnskapsløftet må oppfyllast.
- At det skal vere foredrerepresentant med i planlegginga av ny barneskule.
- At integrering og arbeid mot mobbing blir prioritert. Spesialundervisning og andre tiltak må settast inn så tidleg som muleg.
- Ny barnehage bør ha eigen natur-/uteavdeling.
- Legge til rette for meir fysisk aktivitet på skulen



venstre